

Vegbeskriving Våbrekkeruta

av Roald Årvik juni 2013

- Parkering ved Kyrkja I Vikebygd.
- Me går opp mot krysset ved fylkesvegen tar til venstre der, og så til høgre opp grusveg etter ca. 30m. Her heng det og skilt som syner kor det er turløyper.
- Så følgjer me grusvegen rake vegen oppover til me kjem til reinseanlegget til Vikebygd Vassverk, her kan ein ta til høgre opp skogsveg merkja med Børkjelia/Børkjelibekken, om ein vil gå motsatt veg, det skal ikkje me denne gongen difor følgjer me grusveg vidare oppover i retning Vikestølen.
- Det kjem no nokre bratte bakkar før me er oppe ved Kleivane og demninga til Vik kraft, dette er nok dei tøffaste stigningane på heile turen.
- Ca. 200 meter etter demninga til Vik Kraft tar me til høgre og kryssar elva over ei bru, der det heng skilt som syner retning mot Våbrekka og Morgonsvatnet.
- Me har no gått vel 2 km sidan me la i veg frå parkeringsplassen ved Kyrkja og er på ca. 250 moh. Her i frå følgjer me no ein merka sti i ca 900 m igjennom skogen til ein er over skoggrensa. Når me er over skoggrensa så er det tid for å snu nasa bakover og ta ein rast og sjå på utsikten før me igjen set kursen vidare oppover mot elva som kjem frå Morgonsvatnet, på dette strekket på ca 400 m vil ein få Fossasåto på høgre sida.
- Ved elva er det skilt som syner veg mot Våbrekka, eller Ytre Smalanuten som er det korrekte namnet. Her er det og tid til å nyta det reine og friske vatnet som renn i elva, eller fylla på vassflasker.
- I det me kryssar elva så er me på 450 moh og skal stiga 230 m til før me er på toppen. Me kryssar no elva og følgjer merkjepinnar vestover mot Indre Smalanuten, her går me ca. 700 m i nokså slak stigning oppover i for det meste myrterreng.
- Når siste myra er passert så kjem ein inn i eit flott fjellparti med fine stiar etter dyretrakk. Me går litt inn og ut av desse stiane til me er på utsiktspunktet ved Indre Smalanuten. Her tek me oss tid til å stoppa opp og nyta utsikten over Vikebygd og endå lengre vekk, før me legg i veg dei siste 400 m mot målet for turen, toppen av Våbrekka/Ytre Smalanuten.
- Når me er på toppen så er me 583 moh og no er det berre nedoverbakke igjen, me tar i veg vidare og følgjer ryggen av Våbrekka vestover i merka sti ned til Byrkjelivatnet. Ved Byrkjelivatnet så kan det vera godt å ta ein god slurk i bekkjen for å stilla tørsten, dette er og reint og friskt vatn.
- Frå Byrkjelivatnet følgjer me merka løype i ope terreng i ca 800 m nedover mot Indre Børkjelia, på dette strekket vil ein ha fin usikt over midtre og nordre del av Vikebygd det meste av vegen.
- Så er det på tid å dukka inn i skogen igjen, me følgjer no merka sti i vel ein kilometer nedover Indre Børkjelia mot reinseanlegget til Vikebygd Vassverk, den går igjennom eit fint terreng med skog av både bjørk og furu.
- På veg nedover så passerar me eit utsiktspunkt som me tar ein liten rast på og får ein siste kikk av Vikebygd i fugleperspektiv før me tar stien vidare nedover igjennom skogen.
- Me kjem og til å følgje Børkjelibekken eit stykke på dette strekket. Dette er eit fint område, og om det er nokon som ikkje vil heilt til fjells og har små born så er her plassen for å leike seg med vatn og kose seg. Om ein berre vil hit så går ein motsatt veg av turen som er beskrive her, dvs. ein tar til høgre ved reinseanlegget til Vikebygd Vassverk.
- Me kjem ut av skogen på ein skogsveg ved reinseanlegget og svingar nedover til venstre og etter ca. ein kilometer så er me ved parkeringsplassen ved Kyrkja.

Takk for turen!